På skuleområdet trekk legg vi inn 10 mill kr i 2017- og 18 til investering i utstyr til Fagskulen i Hordaland . Tilsvarande får yrkesfag i vidaregåande skule auka posten til investering i utstyr med 10 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Skal fagutdanninga og yrkesfaga gje relevant utdanning for våre ungdommar er det avgjerande at dei kan halda seg oppdatert på nytt teknisk utstyr og maskiner i undervisninga. FrP meiner HFK framleis sit på eigedommar som kan seljast, og legg inn ein auke i forventa salsinntekt på 35 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Ein viser også her til verbalforslag under.

Verbalframlegg

FrP set fram fire verbalforslag som ein ynskjer separat votering over ved handsaming av budsjettet i fylkestinget.

A. Aktiv utvikling og sal av fylkeskommunale eigedommar

Hordaland fylkeskommune sit på ei rekkje eigedommar som ein ikkje har planar om å nytta i eigen tenesteproduksjon. Eksempel på dette er bustadeigedom v/Kysthospitalet i Hagavik (Os), Fana Gymnas, Hjeltnes vgs og Valen Kraftverk.

For å redusere lånegjelda og oppretthalde framdrifta for naudsynte investeringsprosjekt innan skule, tannhelse og samferdsel er det naturleg å sjå på aktivasida i balansen til Hordaland fylkeskommune. Eigedommar, og evt. selskap, som fylkeskommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon bør vurderast for sal. I einiskilde høve vil det være aktuelt å utvikla eigedommane for å maksimera verdiane før sal, t.d. gjennom omregulering til bustad- eller næringsformål.

Fylkestinget ber på denne bakgrunn om å få seg førelagt ei politisk sak med opplisting av eigedommar som er aktuelle for sal, og eventuelle tiltak for å utvikla eigedommane for sal.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggja fram ein samla oversikt over eigedommar/selskap som ikkje skal nyttast i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen. Saka må innehalda beskriving av eigedommane, verdivurdering og eventuelle utviklingstiltak for å maksimera verdien før sal.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja saka til handsaming i Hordaland fylkesting parallelt med nytt framlegg til investeringsprogram i mars 2017.

B. Endringar i ordninga med fondsavsetning v/vidaregåande skular

Fylkesrådmannen legg i budsjettokumentet opp til ei vesentleg endring av ordninga med høve til fondsavsetning på vidaregåande skular som går med overskot. I den nye modellen er det ein føresetnad at opplæringssektoren som heilskap går med overskot før einiskild skular skal kunna få setja av overskot på fond. Fylkestinget er uroa over kva effektar dette kan få for budsjett disiplinen ved dei ulike skulane og den samla økonomiske konsekvensen for Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil difor be om at eventuelle endringar i ordninga med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert og lagt fram for endeleg handsaming i eiga politisk sak.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting tek ikkje stilling til endringar i ordninga med fondsavsetningar ved dei vidaregåande skulane som del av budsjettvedtaket. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja eiga sak der eventuelle endringar i modellen med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert.

Fylkesrådmannen ver beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2017.

C. Superbuss til Åsane

Hordaland fylkeskommune har overtid testa ut såkalla superbussar med stor kapasitet i Bergen syd. Fylkestinget ser dette som eit spanande konsept, og vil be om at fylkesrådmannen tek initiativ til å få etablert tilsvarende tilbod med superbussar i stamlinetraseen mot Åsane. Dette er eit godt alternativ for å auka kollektivkapasiteten i denne korridoren. Om naudsynt må fylkeskommunen etablere samarbeid med Statens Vegvesen om mindre utbetringstiltak på haldeplassar/terminalfasilitetar langs stamvegtraseen mot Åsane. Prosjektet kan finansierast innanfor ordninga med auka belønningsmidlar ti kollektivtrafikken i Bergen.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting vil etablere eit tilbod med superbussar i stamlinetraseen Bergen sentrum – Åsane.

D. Dyrepoliti i Hordaland

Forsøksordning med eige dyrepoliti er tidlegare etablert i Sør-Trøndelag og no sist i Sørvest Politidistrikt (Rogaland og deler av Sunnhordland). Fylkestinget ser dette som et særst positivt tiltak for å styrkja dyrevelferden, og vil aktivt arbeida for at også Vest Politidistrikt får etablert ei tilsvarende teneste med dyrepoliti.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune skal arbeida aktivt for at det vert etablert eige dyrepoliti i Vest Politidistrikt etter modell av forsøksordninga i Sør-Trøndelag og Sørvest Politidistrikt.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Strømme sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2017

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

INNEKTER DRIFT	Kroner	
Udisponerte midlar i rådmannen sitt framlegg	kr	20 000 000
Mindre konsulentbruk	kr	5 000 000
Effektivisering drift	kr	5 000 000
Auke "Konsesjonskraftinntekter"	kr	5 000 000
Reduksjon reiseverksemnd, auka bruk av videokonferanse for tilsette i Hordaland fylkeskommune	kr	2 000 000
Avsette midlar utrøving nye betalingsløysingar om bord på bussar i distriktet	kr	2 000 000
Auka billettinntekter ved fleire kollektivreisande	kr	1 120 000
TOTALE INNEKTER DRIFT	kr	40 120 000

UTGIFTER DRIFT	Kroner	
Miljø og samferdsel		
Fjerne ordninga med nattakst	kr	9 000 000
Utvide øvre aldersgrense for ungdomskortet med 1 år	kr	9 000 000
Førebuing og implementering av ny sonestruktur med verknad frå 2018	kr	2 000 000
Forprosjekt miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen	kr	1 000 000

Opplæring og helse	Kroner	
Redusert eigenandel skule-pc	kr	3 000 000
Ernæring i skulen. Skulefrukost til elevar, prioritert skular med høgt fråfall	kr	3 000 000
Lærekandidatordninga	kr	2 100 000
Styrke skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular	kr	2 000 000
Tannhelse, reduksjon eigendel for ungdom mellom 20 og 21 år	kr	1 000 000
Sjølvforsvarskurs for jenter	kr	250 000
Lærlingskonferanse Grieghallen	kr	200 000
Raftostiftelsen	kr	160 000

Kultur, idrett og regional utvikling	Kroner	
Handlingsmidlar Klimaplanen	kr	4 000 000
Prosjekt folkehelse: Samarbeid med kommunane:	kr	500 000
Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar	kr	400 000
Fyllingsdalen teater	kr	300 000
Søknadsbaserte tilskot til miljøorganisasjonane	kr	250 000
Fossegrimen på Voss	kr	220 000
Liv og lyst	kr	200 000
Kirkelig dialogsenter	kr	200 000
Arboretet på Minde	kr	200 000
Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire tellepunkt	kr	200 000
Turistsatsing-sykkel Hellesøy-Fedje	kr	150 000
Bergen og omland friluftsråd	kr	130 000
FFO, funksjonshemmedes fellesorg	kr	120 000
Kystsovevekene	kr	100 000
Bømlo Teater. Prosjekt 2024	kr	100 000
Det akademiske kvarter	kr	100 000
Edvard Grieg kor	kr	100 000
Friluftsrådet vest	kr	70 000
Fortidsminneforeningen	kr	50 000
Ungdommens fylkesutval	kr	20 000
TOTALE UTGIFTER DRIFT	kr	40 120 000
BALANSE DRIFT	kr	-

INNETEKTER INVESTERING		
Midlar frå disposisjonsfond	kr	40 000 000
TOTALE INNETEKTER INVESTERING	kr	40 000 000

UTGIFTER INVESTERING	Kroner	
Punktutbetring/trygge skulevegar	kr	20 000 000
Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane	kr	4 250 000
Busstur i Bergen, og tiltak venteskur hurtigbåt Askøy og Nordhordland	kr	4 250 000
Medfinansiering til kommunane ved bygging av fleirbrukshall	kr	4 000 000
Folkefest Sykkel-VM	kr	2 500 000
Campus Bergen	kr	2 000 000
Forsøksprosjekt sykkelparkering, søkbar pott for vidaregåande skular	kr	2 000 000

Toppidrettsanlegg, reversering av nedtrekk	kr	1 000 000
TOTALE UTGIFTER INVESTERING	kr	40 000 000
BALANSE INVESTERING	kr	-

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.12.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Krf, Sp, Sv, V og MDG fram slikt forslag:

«Årsbudsjett 2017

Partia Ap, Krf, Sp, Sv, MDG og V legg med dette fram sine endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2017. Budsjettet er endra med kr. 49 670 000 i auka driftsmidlar og med kr. 28 500 000 i auka investeringar. Til saman 78 170 000

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomiske situasjon. Utfordringane krev nye løysingar og ansvarlig styring. Budsjettet for 2017 og økonomiplanen 2017-2020 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalte, tilsette og folkevalde.

Dei menneskeskapte klimaendringane er vår tids største globale utfordring. Gjennom Paris-avtalen har Noreg teke på seg omfattande forpliktelsar. Hordaland må ta sin del av vårt felles ansvar for å nå målsettinga om 40 pst. reduksjon av farlege klimagassar. Dette gjer at den fylkeskommunale klimaplanen er eit særskilt viktig styringsdokument for fylkeskommunal planlegging og verksemd. Klimaplanen skal difor leggjast til grunn for all fylkeskommunal planlegging og verksemd. I tillegg til reduksjon i utslepp frå industrien skal det gjennomførast store reduksjonar i transportsektoren gjennom auka satsing på kollektivtrafikk og krav til null- og lågutsleppsløysingar. Fylkeskommunen skal kutta utslepp i eiga verksemd og stilla strenge miljøkrav i innkjøps- og utbyggingsavtalar.

Kultur og idrett er for mange svært sentrale aktivitetar i kvardagen. Samarbeidspartia vil auka tilskota og styrkja samarbeidet med det frivillige organisasjonslivet og kulturinstitusjonane. I 2017 skal Hordaland vera ein del av vertskapet for sykkel-VM i Bergen. Det vil bli lagt til rette for at arrangementet skal bli ein folkefest med fleire ulike kulturarrangement.

Trygge arbeidsplassar og arbeid til alle, krev auka satsing på den vidaregåande skulen, i vaksenopplæringa og på tilboda i Fagskulen. Fleirtalspartia vil ha ein offensiv politikk for omstilling. Fylkeskommunen skal vera ein aktiv regional utviklar, leggja til rette for nyskaping og etablering av nye arbeidsplassar i tett dialog med næringsliv og arbeidstakarorganisasjonar. Fylkeskommunen skal byggja opp under det seriøse arbeidslivet, gjennom å stilla krav i innkjøpsavtalar og utbyggingsprosjekt, om at verksemdar skal ha lærlingar og ryddige løns- og arbeidsvilkår.

Fleirtalspartia vil halda fram arbeidet med å vidareutvikla det regionale folkevalde nivået og vil arbeide for at det vert overført nye oppgåver frå staten. Saman med våre nabofylke, kommunar og næringsliv, står me framføre viktige vegval for å løysa nye utfordringar.

Klima, miljø og samferdsel

For å nå måla om reinare luft og reduksjon i utslepp av klimagassar vert løyvinga til handlingsprogrammet for klimaplanen auka. Det vert lagt til rette for at fleire kan reisa kollektivt. Det skal stillast krav om nullutslepp i kollektivtrafikken og i drift av ferjer og båtruter. Nye vegar skal sikra god framkoma for kollektivtrafikken. Det er eit felles mål å halda god framdrift i utbygginga av bybane til bydelane i Bergen. Fylkestinget vil ha som målsetjing at staten sin del av utbyggingskostnadane til bybane skal vera min. 70% og at det vert løyvd ekstra midlar til dekkelegging, rassikring og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Punktutbetringar av vegnett og sikre skulevegar

Vedlikehald og punktutbetringar på fylkesvegane skal aukast og midlane skal prioritarast slik at ein sikrar tryggare skulevegar.

Fjerne natt-takst i kollektivtrafikken

Ordninga med ein særskilt natt-takst på kollektivruter vert fjerna.

Ungdomskort, utvida aldersgrense

Aldersgrensa for å kunna nytta seg av den svært rimelige ordninga «Ungdomskort for kollektivreiser» vert utvida med 1 år frå 20 til 21 år.

Busskur og venterom for kollektivreisande

Det vert løyvd ekstra midlar til å forbetra busskur i Bergen og venterom for kollektivreisande, tiltak for reisande med hurtigbåt frå Askøy og Nordhordland skal ha prioritet.

Færre takstsoner

Hordaland har i dag 470 ulike takstsonar. Fleirtalspartia vil redusera talet til 7 sonar og arbeidet med å førebu denne endringa vert starta opp i 2017. Færre takstsonar vil gje billigare reiser og enklare billettsystem for reisande i heile fylket. Nytt takstsonesystem skal tre i kraft i 2018. Fylkesrådmannen legg fram eige sak om ny sonestruktur til fylkestinget i mars 2017.

Miljøteknologi

Det vert løyvd midlar til eit utviklingsprosjekt for hydrogendrift på ferja mellom Breistein og Valestrand

Punktutbetring/trygge skuleveggar	kr	20 000 000
Fjerne ordninga med nattakst	kr	9 000 000
Utvide øvre aldersgrense for ungdomskortet med 1 år frå 20 til 21	kr	9 000 000
Busskur i Bergen, og tiltak venteskur hurtigbåt Askøy og Nordhordland	kr	4 250 000
Førebuing og implementering av ny sonestruktur med verknad frå 2018	kr	2 000 000
Forsøksprosjekt sykkelparkering/tørkerom, søkbar pott for VGS	kr	2 000 000
Forprosjekt miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen	kr	1 000 000

VERBALFORSLAG

Kollektivtrafikk - Skuleskyss

Hordaland fylkeskommune ynskjer å tenkja heilskapleg om tilbodet til elevane i den offentlege vidaregåande skulen mellom anna ved å prioritera utvikling av gode og tidseffektive kollektiv/transportløysingar mellom heim og skulestad. Fleirtalspartia vil be om at ein går gjennom reiseruter og reisetid på skuleruter/pendlarruter som kan gje betre løysingar «ekspressruter» enn det som er tilfelle i dag. Ein vil mellom anna peika på reisa mellom Arna terminal og Osterøy vidaregåande skule for elevar frå Vaksdal, Samnanger og Bergen.

Kollektivtrafikk - Bybanen

Fylkestinget ber om at det vert gjennomført ei uavhengig kontrolltelling av bybana sine passasjertall i etterkant av at byggetrinn 3 er opna til Flesland.

Trafikksikring og utbygging av sykkelveggar.

Det går for sakte med gjennomføring av vedtekne prosjekt. Dette vert grunngeve med manglande planavklåring i kommunane. Fleirtalspartia vil be om ein plan for raskare gjennomføring og betre samarbeid med reguleringsmynde slik at ein kan få gjennomført tiltak på ein meir effektiv måte.

Dei demokratiske miljøorganisasjonane

For å skapa dei holdningsendringane som er naudsynt i forhold til å få ned klimagassutslepp, treng ein aktive folkelige miljøorganisasjonar. Fylkestinget ynskjer å samarbeida og styrka demokratiske miljøorganisasjonar med regionale forankring.

Opplæring og helse

Fylkestinget vil vidareutvikla og styrkja den vidaregåande skulen. Fylkeskommunen skal ha gode og moderne læremiddel og redusera eigendel for pc-ordninga.

Tiltak for å redusera fråfall og auka talet på læreplassar skal ha høg prioritet. Fleire skular skal få tilby skulefrukost og det førebyggjande helsearbeidet for elevane skal styrkjast gjennom betre tilbod om skulehelse- og psykologtenester. Eigendel for ungdom som nyttar offentlig tannhelsetenester skal reduserast.

Læremidler i den vidaregåande skulen

Eigendelen til standard skule-pc vert redusert for alle elevar. Tilskot til læremidler og utstyr til skular med yrkesfaglige studieretningar skal aukast og dette skal vera ei søkbar ordning for skulane.

Skulefrukost

Prøveordninga med skulefrukost vert utvida og skular med høgt fråfall skal prioriterast.

Lærekandidatordninga

Tilskotet til lærekandidatordninga vert vidareført. Dette er eit svært viktig tilskot for elevar som treng tilrettelagt tilbod for opplæring.

Skulehelseteneste

Arbeidet med å byggja ut ei god skulehelseteneste vert styrkt med eit nytt tilskot som skal nyttast til etablering av samarbeidsløysingar med skulehelsetenesta i utvalde kommunar.

Tannhelse

Det vert sett av pengar som skal sikra reduserte eigendelar til tannbehandling for ungdom mellom 20 og 21 år.

Sjølvforsvarskurs for jenter

Det vert starta opp eit pilotprosjekt med sjølvforsvarskurs for jenter.

Lærlingkonferanse

Tilskot til det årlige arrangementet «lærlingkonferanse» som vert arrangert i eit samarbeid mellom NHO, LO og fylkeskommunen vert vidareført.

Samla tiltak:

Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane (yrkesfag søkbar pott)	kr 4 250 000
Redusert eigendel skule-pc	kr 3 000 000
Ernæring i skulen skulefrukost til elevar, prioritera skular med høgt fråfall	kr 3 000 000
Lærekandidatordninga	kr 2 100 000
Styrka skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular	kr 2 000 000
Tannhelse, reduksjon eigendel for ungdom mellom 20 og 21 år	kr 1 000 000
Sjølvforsvarskurs for jenter	kr 250 000
Lærlingkonferanse	kr 200 000
Raftostiftelsen	kr 160 000

VERBALFORSLAG

Etablering av produksjonsskule i Ulvik

Arbeidet med å redusera fråfall har høg prioritet, fleirtalspartia vil utvida tilbodet for utsette elevgrupper gjennom eit nytt tilbod om «produksjonsskule» i Ulvik. Gjennomføring av prosjektet vil krevja deltaking og tilskot frå sentrale mynde. Dette arbeidet vil få høg prioritet i 2017.

Pilotprosjekt på Bømlo

Arbeidet med pilotprosjektet på Bømlo skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydelig på eit utviklingsdyktig studietilbod. Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov og moglegheiter for bistand til opplæring vil variere. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og representantar for, skule, kommune og næringsliv. Dette arbeidet skal vera starta opp innan januar 2017 og forslag til innhald i, og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadane knytt til pilotprosjektet vert dekt over opplæringsavdelinga sitt budsjett.

Modellar for heilskapleg styring i skulen

Fylkestinget vil be om ei sak der ein skal prøva ut ulike modellar for heilskapleg styring. Prosjektet skal vurdere fullmaktsstrukturen lokalt og sentralt m.a. personal- og økonomifullmakter - herunder ordninga med fondsavsetjing på den einskilde skule, kompetansebehov, samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar, kommunar og næringsliv. Fylkeskommunen skal søkja samarbeid med andre

kompetanseverksemdar som kan medverka med erfaringsgrunnlag til innhald og gjennomføring av prosjekter.

Oppdrags- og kursverksemd

Fylkestinget vil be om ein gjennomgang av det som vert nemnt som «oppdrags- og kursverksemd» i den vidaregåande skulen og i fagskulane. Gjennomgangen skal synleggjera ansvar, finansiering, organisering og omfang av denne verksemda. Det skal også utgreiast ulike modellar for korleis denne verksemda kan organiserast på i framtida.

Samarbeidsprosjekt i Nordhordland

Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Helsesøsterordning

Fylkestinget ber rådmannen gje eit oversyn over tida kvar elev har i snitt til å ha samtale med helsesøster i vidaregåande skule, og koma med forslag til ei norm/stillingsbrøk som sikrar eit godt og forsvarlig tilbod til elevane.

Kultur, idrett og regional utvikling

Fleirtalspartia vil sikra eit breitt idretts- og kulturtilbod i alle delar av fylket. Alle skal få høve til å oppleva kultur, også dei som ikkje til vanleg oppsøker kulturtilbod. Ei god samfunnsutvikling er avhengig av eit godt samarbeid med friviljug sektor. Fleirtalspartia vil difor gje meir tilskot til auka aktivitet og inkludera fleire lag og organisasjonar i ordningane.

Auka løyvingar skal medverka til at Hordaland kan gjennomføra nasjonale og internasjonale idrettsarrangement på ein god måte. Tilskot til opprusting av arenaer og bygging av nye fleirbrukshallar må difor halda fram.

Fleirtalspartia vil styrkja fylkeskommune si rolle som regional utviklar gjennom regional planstrategi, særskild merksemd på arbeidet med klimaplanen, folkehelsearbeidet, kollektivstrategi og regional næringsplan.

Handlingsprogram, Klimaplanen

Auka løyving til handlingsprogrammet for Klimaplanen skal m.a. styrkja arbeidet med energiokonomisering, miljøtiltak i eksisterande og nye fylkeskommunale bygningar, m.a. utprøving av løysingar med bruk av jordvarme og solenergi, utfasing av vedomnar i bynære strok, stimulera til meir bruk av sykkel som skuleskyss og vidare utvikling av ladestrukturen for elbilar.

Prosjekt spelemidler

Prosjektet skal medverka til at fleire lag og organisasjonar søker om støtte gjennom ordninga «spillmidler Norsk Tipping». Det skal utpeikast ein medarbeidar som får ansvar for arbeidet med rettleiing og utforming av søknader.

Fyllingsdalen teater

Det vert løyvd driftstilskot for Fyllingsdalen teater. Fyllingsdalen teater er Noregs største breiddeteater for barn og unge.

Folkefest Sykkel-VM

Løyvinga skal nyttast til ulike kulturarrangement i Bergen og dei øvrige arrangørkommunane og skal medverka til å skapa breitt engasjement og rundt Sykkel-VM.

Campus Bergen

«Campus Bergen» er eit felles prosjekt mellom idrettskretsen, Olympiatoppen, Høgskulen, Bergen kommune, Helse Bergen og Hordaland fylkeskommune. Målsettinga er at tilbodet skal starta opp i 2018. Det skal etablerast ein «campus» etter modell frå Sogndal. Løyvinga er del av eit spleiselag og skal sikra god framdrift i prosjektet og synleggjera utfordringar og konsekvensar for fylkeskommunen. Prosjektet vert fylgd opp i eiga sak.

Handlingsprogram, Klimaplanen	kr 4 000 000
Medfinansiering til kommunane ved bygging av fleirbrukshall	kr 4 000 000
Folkefest Sykkel-VM	kr 2 500 000
Campus Bergen	kr 2 000 000
Toppidrettsanlegg, reversering av nedtrekk	kr 1 000 000
Prosjekt folkehelse: Samarbeid med kommunane:	kr 500 000
Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar	kr 400 000
Fyllingsdalen teater	kr 300 000
Øyremerkt tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 250 000
Fossegrimen på Voss	kr 220 000
Liv og lyst	kr 200 000
Kirkelig dialogsenter	kr 200 000
Arboretet på Milde	kr 200 000
Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt	kr 200 000
Turistsatsing-sykkel Hellesøy-Fedje	kr 150 000
Bergen og omland friluftsråd	kr 130 000
FFO, funksjonshemmedes fellesorg	kr 120 000
Kystsogevekene	kr 100 000
Bømlo Teater. Prosjekt 2024	kr 100 000
Det akademiske kvarter	kr 100 000
Edvard Grieg kor	kr 100 000
Friluftsrådet vest	kr 70 000
Fortidsminneforeningen	kr 50 000
Driftsstøtte Pensjonistforbundet	kr 50 000
Ungdommens fylkesutval	kr 20 000

VERBALFORSLAG

Klimabudsjett

Fylkestinget vil styrkja det strategiske klimaarbeidet ved å integrera klimabudsjett i fylkeskommunens budsjettprosess. Klimabudsjettet skal innehalda oversikt over tiltaka som må til for å nå vedtekne klimamål, plassere ansvaret for gjennomføring tydelig i fylkeskommunen, og skal følgjast opp som ein del av den ordinære budsjett- og verksemdstyringa.

Gjennomgang av regionalavdelinga sitt arbeids- og ansvarsområde

Fylkestinget vil ha ein gjennomgang av arbeids- og ansvarsområdet til regionalavdelinga. Gjennomgangen skal synleggjera dagens oppgåver, kva som er lovpålagte oppgåver og ei vurdering av arbeidsdeling og fullmakter.

Tiltak mot sosial dumping i byggebransjen

Fylkestinget vil syna til anbefalinga frå KS, Byggenæringa, Fellesforbundet og DIFI om krav til firma som skal utføra offentlige byggeoppdrag. Fylkestinget vil be om at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til tiltaksplanen «11 tiltak mot sosial dumping» og at dei tilrådde krava i planen vert lagt til grunn for alle byggeoppdrag for fylkeskommunen.

Vardeprosjekt

Fylkestinget vil be om at nye byggeprosjekt vert gjennomført som Vardeprosjekt der tilhøva ligg til rette for dette.

Vestnorsk Filmkommisjon

Vestnorsk filmkommisjon si verksemd er viktig både kulturpolitisk og næringspolitisk. Verksemda har betydning for store delar av Vestlandet og mottar også støtte frå Sogn og Fjordane, forutan Møre og Romsdal. For å sikre tryggare rammebetingelser bør det opprettas ein fast tilskotspost for Vestnorsk filmkommisjon.

INNTEKTER DRIFT		Kroner
Udisponerte midlar i rådmannen sitt framlegg	kr	20 000 000
Mindre konsulentbruk	kr	5 000 000
Effektivisering drift	kr	5 000 000
Auke "Konsesjonskraftinntekter"	kr	5 000 000
Reduksjon reiseverksemd, auka bruk av videokonferanse for tilsette i Hordaland fylkeskommune	kr	2 000 000
Overføring frå disposisjonsfond	kr	11 550 000
Auka billettinntekter ved fleire kollektivreisande	kr	1 120 000
TOTALE INNTEKTER DRIFT	kr	49 670 000

UTGIFTER DRIFT

Miljø og samferdsel		Kroner
Fjerne ordninga med nattakst	kr	9 000 000
Utvide øvre aldersgrense for ungdomskortet med 1 år	kr	9 000 000
Førebuing og implementering av ny sonestruktur med verknad frå 2018	kr	2 000 000
Forprosjekt miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen	kr	1 000 000

Opplæring og helse

		Kroner
Redusert eigendel skule-pc	kr	3 000 000
Ernæring i skulen. Skulefrukost til elevar, prioritert skular med høgt fråfall	kr	3 000 000
Lærekandidatordninga	kr	2 100 000
Styrke skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular	kr	2 000 000
Tannhelse, reduksjon eigendel for ungdom mellom 20 og 21 år	kr	1 000 000
Sjølvforsvarskurs for jenter	kr	250 000
Lærlingkonferanse Grieghallen	kr	200 000
Raftostiftelsen	kr	160 000

Kultur, idrett og regional utvikling

		Kroner
Handlingsmidlar Klimaplanen	kr	4 000 000
Prosjekt folkehelse: Samarbeid med kommunane:	kr	500 000
Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar	kr	400 000
Fyllingsdalen teater	kr	300 000
Søknadsbaserte tilskot til miljøorganisasjonane	kr	250 000
Fossegrimen på Voss	kr	220 000
Liv og lyst	kr	200 000
Kirkelig dialogsenter	kr	200 000
Arboretet på Minde	kr	200 000
Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt	kr	200 000
Turistsatsing-sykkel Hellesøy-Fedje	kr	150 000
Bergen og omland friluftsråd	kr	130 000
FFO, funksjonshemmedes fellesorg	kr	120 000

Kystsogevøkene	kr	100 000
Bømlo Teater. Prosjekt 2024	kr	100 000
Det akademiske kvarter	kr	100 000
Edvard Grieg kor	kr	100 000
Friluftsrådet vest	kr	70 000
Fortidsminneforeningen	kr	50 000
Ungdommens fylkesutval	kr	20 000
Toppidrettsanlegg, reversering av nedtrekk	kr	1 000 000
Campus Bergen	kr	2 000 000
Medfinansiering til kommunane ved bygging av fleirbrukshall	kr	4 000 000
Driftsstøtte Pensjonistforbundet	kr	50 000
Folkefest Sykkel-VM	kr	2 500 000
TOTALE UTGIFTER DRIFT	kr	49 670 000
BALANSE DRIFT	kr	-

INNETEKTER INVESTERING

Midlar frå disposisjonsfond	kr	28 500 000
TOTALE INNETEKTER INVESTERING	kr	28 500 000

UTGIFTER INVESTERING		Kroner
Punktutbetring/trygge skuleveggar	kr	20 000 000
Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane	kr	4 250 000
Busskur i Bergen, og tiltak venteskur hurtigbåt Askøy og Nordhordland	kr	4 250 000
Forsøksprosjekt sykkelparkering, søkbar pott for vidaregåande skular	kr	2 000 000
Utprøving nye betalingsløyser om bord på bussar i distriktet	-kr	2 000 000
TOTALE UTGIFTER INVESTERING	kr	28 500 000
BALANSE INVESTERING	kr	-

Mona Røsvik Strømme (H) sette fram slikt forslag:

«Budsjet 2017. Økonomiplan 2017-2020. Hordaland fylkeskommune

1. Innledning

Høyre fremmer med dette sitt budsjettforslag for 2017 og økonomiplan 2017-2020. Budsjettet er delt i to deler; - en talldel og en tekstdel med føringer til fylkesadministrasjonen.

2. Generelt

Høyre viser til fylkesrådmannens budsjettframlegg for 2017 og økonomiplan for 2017-2020. Høyre støtter fylkesrådmannens forslag å kutte betydelig i driftsbudsjettet. Dette er nødvendig for å få kontroll over den økende gjelden i fylkeskommunen. Høyre ønsker derimot en enda høyere effektivisering av administrasjonen og legger derfor opp til en innsparing på 20 millioner i budsjettet. Hordaland fylkeskommune må i årene som kommer fortsette denne effektivisering, samtidig som en bør ha en gjennomgang av støtte som utbetales til lag og organisasjoner. Høyre er av den mening at også disse aktørene må være en del av den helhetlige besparelsen som er helt nødvendig i fylkeskommunens økonomiske situasjon.

3. Driftsbudsjettet

3.1 Opplæring og helse

Fylkeskommunen har ansvar for den vidaregåande skolen. Dette er en oppgave som krever langsiktighet og handling på samme tid. En av utfordringene er at en for stor andel av elevene ikke fullfører sitt påbegynte utdanningsløp. Derfor er Høyre glad for at regjeringen har innført en ny fraværregel. Høyre

ønsker også å øke satsningen på kompetanse hos lærerne og setter derfor av mer midler for kompetanseplanen.

Høyre ønsker å redusere overkapasiteten av lokaler på Nye Voss videregående skole. Høyre foreslår derfor å leie ut ledige lokaler til Voss kommune.

Høyre ønsker også å øke prisene for private brukere av fylkeskommunens tannhelsetjeneste, med 10%. Dette vil medføre en merinntekt for fylkeskommunen på omtrent 2,9 millioner kroner.

3.2 Samferdsel

Den økonomiske rammen til drift og vedlikehold av fylkesveier er i forslag til budsjett satt opp med en økning på 2,8% til 505 millioner kroner.

Høyre mener at det må satses mer på dette området. I fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg er det foreslått 38 mill. kr. til dekkelegging av fylkesveier. Det tilsvarer 60 km ny asfalt. Høyre foreslår mer enn en dobling av denne posten, og øker rammen til dekkelegging av fylkesveier med 45 mill. kr. til 80 mill. kr. Det innebærer ca. 130 km ny asfalt på fylkesveiene.

Antall reisende som nytter kollektivtransport er økende. Det er svært positivt. Høyre ønsker å gjøre kollektivtilbudet enda mer attraktivt, og vil derfor legge til rette for mer og bedre muligheter for pendlere å benytte seg av innfartsparkering. Høyre har derfor satt av 3 millioner for videre satsing på innfartsparkering.

Høyre ønsker også en ny sone-struktur i fylket velkommen og setter derfor av midler til forberedelse og implementering av en ny sone-struktur. Det er viktig for pendlere å kunne benytte seg av muligheten til å kjøpe billett i telefon-app, og Høyre setter derfor av 5 millioner til forberedelse av ny sone-struktur, samt utvikling av en ny billett-app som må virke i hele fylket.

Høyre vil også utsette den foreslått takstøkningen for fylkesfergene, som i budsjettet for 2017 er foreslått på 7,8%. Høyre foreslår her en økning lik med konsumprisindeksen.

3.3 Kultur og idrett

På grunn av den vanskelige økonomiske situasjonen fylkeskommunen befinner seg i, er Høyre dessverre nødt til å stramme inn på midler som er planlagt til forskjellige kulturelle formål. Derimot ønsker Høyre at den fylkeskommunale støtte til Fossegrimen Orkester, som har vært en del av tidligere budsjett, inkluderes i budsjettet for 2017.

3.4 Regional utvikling

Høyre ønsker å ta ut lokalsamfunnsutviklingsprogrammet LivOGLyst i budsjettet for 2017.

3.5 Inndekning

Økt satsing på vei, innfartsparkering, kompetanseplan og Fossegrimen dekkes ved kutt og besparinger i driftsbudsjettet. Høyre foreslår derfor følgende endringer i forslag til driftsbudsjett:

Driftsbudsjett 2017 - talldel					
Driftsbudsjett				Økte kostnader / reduserte inn.	Reduserte kostnader / økte inn.
Udisponert					20000000
Administrasjon					
Effektivisering administrasjon					20000000
Opplæring og helse					
Økning 10% for andre pasienter tannhelsetjenesten					2900000
Økning kompetanseplan			1500000		
Samferdsel					
Inntekter byreklame / kollektivreklame					5000000
Utbedring og vedlikehold av fylkesveier			45000000		
Innfartsparkering			3000000		
Forberedelse av endring av sonestruktur, samt utarbeidelse av app			5000000		
Kultur og idrett					
Musikkfremål					3596320
Bokbåten					1400000
Radøy kunstsenter (reduksjon)					100000
Fjelberg gamle Prestegard (Ålmenne kulturvernemål) (reduksjon)					233000
Kystpilegrimsleia (Ålmenne kulturvernemål) (reduksjon)					200000
Stiftelsen Prof. Jiri Hlinka Klaverakademi (reduksjon)					133000
Skrivekunstakademiet					337680
Fossegrimmen orkester			200000		
Regional Utvikling					
Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst (reduksjon)					800000
				54700000	54700000
Investeringsbudsjett					
Høyre ønsker å selge fylkeskommunale eiendommer som ikke blir brukt (strøtomter), i tillegg ønsker Høyre å selge følgende kommunale eiendommer; tidligere Hjeltnes videregående skole, tidligere Fana Gymnas og Manger folkehøgskule					

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Budsjett 2017 / Økonomiplan 2017-20. Hordaland fylkeskommune

Drift

- Ny forenkla sonestruktur kollektiv (buss) 35 mill.
- Auka fylkesvegvedlikehald – reasfaltering 100 km 60 mill.
- Reklamefinansiering kollektiv (inntekt) 25 mill.
- Full pris for EI-bil på ferje
- Auka satsing på innfartsparkering 5 mill.
- Generell styrking vidaregåande skular 10 mill.
- Pøbel-prosjekt i Hordaland 0,5 mill.

Investering

- Trygg skuleveg fylkesvegar, mindre prosjekt 15 mill.
- Utstyr Fagskulen i Hordaland (2017 og – 18) 10 mill.
- Utstyr vidaregåande skular (yrkesfag) 10 mill.

Generelt

FrP legg med dette fram Budsjett 2017/Økonomiplan 2017-20. Framlegget byggjer på fylkesrådmannens budsjettokument av oktober 2016.

HFK har aukande gjeld, og må skaffa handlingsrom i driftsbudsjettet til framtidig auke i renter og avdrag. Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn lagt fram eit stramt budsjett med fleire tiltak for å stabilisera/reusera gjeldsgraden over tid, m.a. auka avdragsbetaling og signal om utsetting av investeringsprosjekt. FrP støttar fylkesrådmannen i hovudstrategien, men vil p.t. ikkje signalisera støtte til utsetting av planlagde investeringsprosjekt på fylkesvegnettet og i vidaregåande skule.

Driftsbudsjettet

FrPs framlegg til endringar i driftsbudsjettet går fram av tabellen under;

	2017	2018	2019	2020
Udisponerte midler i fylkesrådmannes framlegg	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Konsesjonskraftinntekter (netto kr 45 mill pr år)	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Generell reduksjon administrasjon - effektivisering	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Reduksjon i avsetning fond premieavik pensjon	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Miljø og samferdsel				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Ny forenklet sonestruktur - kollektiv (buss)	1 000	35 000	35 000	35 000
Full pris el-biler på ferje	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Innfartsparkering	5 000	5 000	5 000	5 000
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	60 000	25 000	25 000	25 000
Opplæring og helse				
Generell styrking videregående skole	10 000	10 000	10 000	10 000
Salg av Manger folkehøgskule	-1 700	-3 400	-3 400	-3 400
Pøbel-prosjektet	500	500	500	500
Kultur, idrett og regional utvikling				
Fyllingsdalen teater	500	500	500	500
Oppstart Sunnhordland Maritime Industrimuseum	500	500	500	500
Litlabø-gruvene	100	100	100	100
Stiftelsen Bryggen	100	100	100	100
Tellevik Kystfort	500	500	500	500
Espeland Fangeleir	200	200	200	200
Nedtrekk Musikkføremål (fylkesmusikarordninga)	-2 000	-3 200	-3 200	-3 200
Disriktsmusikarane	-500	-500	-500	-500
Dyrebeskyttelsen Hordaland	100	100	100	100
Sum (økt overskott - overføres investeringsbudsjett)	-1 700	-5 600	-5 600	-5 600

Nedanfor vil vi kommentere nokre av prioriteringane nærare.

Samferdsel – kollektiv og fylkesvei

Forenkla sonestruktur - kollektiv

FrP vil gjera kollektivtilbodet med buss attraktivt i heile fylket. Ny og forenkla takst- og sonestruktur har vore utgreidd av eiga politisk arbeidsgruppe i 2016. Deira tilråding er ein struktur med 8 soner, noko som vil gje rimelegare kollektivreiser i distrikta, forenkla tilbodet og leggja til rette for eit moderne system for kjøp av billetter i heile fylket. Pr. i dag er det t.d. berre i Bergen ein kan kjøpa mobilbillett via Skyss-appen. Hordaland fylkeskommune må hengja med i teknologiutviklinga og tilby likeverdige og

forbrukarvenlege kollektivtenester i heile fylket. Tiltaket kan starta opp 1.februar 2018, og vil ha ein årskostnad på 35 mill kr.

Kollektiv – reklamefinansiering

FrP legg til grunn at HFK før valet 2015 hadde inngått avtale med JCDecaux om avgrensa reklame på bussar og bybanen – fase 1. Denne gjev HFK ei forventa inntekt på ca 7 mill pr år. I fase 2 var det planlagt å leggja leskur, bysykklar og bymøblar ut på anbod. Verdien av fase 2 var rekna til 13-30 mill kr årleg. Diverre valde det ny politiske fleirtalet i Hordaland fylkeskommune (AP, SP, KrF, SV) å kansellera prosjektet, og dermed gje i frå seg desse årlege inntektene.

FrP legg til grunn at avgrensa reklame i kollektivsektoren gjev viktige inntekter til HFK, - noko som gjev oss i stand til å auka ruteproduksjonen og betra servicenivået på kollektitilbodet i fylket. I ei tid med økonomiske utfordringar for fylkeskommunen er dette ei unytta inntektsgjelde. FrP vel difor å budsjettera med 25 mill kr i inntekt frå reklamefinansiering i heile økonomiplanperioden. Dette er eit konservativt anslag på inntekspotensialet.

Innfartsparkering

FrP aukar løyvinga tilinnfartsparkering med 5 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Midlane kan også nyttast til spleiselag med kommunar og næringsliv for å auka parkeringskapasiteten for pendlarar i Bergen og omegn.

Fylkesveg – auka reasfaltering

FrP vil oppretthalda eit høgt vegvedlikehald på fylkesvegane våre, og set av 60 mill kr ekstra til reasfaltering 2017, og deretter 25 mill kr pr år i perioden 2018.20. Dette vil auka reasfalteringa av fylkevegnettet med ca 100 km i 2017. Likevel er ein langt unna å dekkja opp for det reelle vedlikehaldsbehovet på fylkesvegnettet for 2017. Budsjettdokumentta syner til eit behov på heile 319,7 mill kr mot budsjetterte 73,5 mill kr.

Opplæring og helse

FrP meiner Hordaland fylkeskommune må konsentrera si eiga tenesteproduksjon om lovpålagde oppgåver, og vil difor gå inn for sal av Manger folkehøgskule.

FrP legg inn 10 mill kr til generell styrking av vidaregåande skule. Sektoren står overfor store omstillingsprosessar i høve ny Skulebruksplan for Hordaland, og driftsbudsjetta er pressa. I tillegg let vi buffer-/strukturfondet på 15 mill kr som fylkesrådmannen har satt av til opplæringssektoren stå til disposisjon gjennom 2017.

FrP ynskjer også at Hordaland fylkeskommune, evt. i saman med Bergen kommune, etablerer eit samarbeid med organisasjonen Pøbelprosjektet.

Pøbelprosjektet arbeidar for å fremja folks høve til å realisera seg sjølv og sine ynskjer om ein jobb slik at dei kan klara seg sjølv. Prosjektet kan vise til sær gode resultat, og er etablert i andre storbyar som Oslo og Stavanger. FrP legg inn 0,5 mill kr i budsjettet for å styrkja unges høve til sjølvstende og arbeid. Saman med kommunane sine øvrige arbeidstiltak kan Pøbelprosjektet bidra til ei ynskja utvikling der færre unge har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Målet er å stimulera deltakarane i prosjektet til aktiv deltaking i samfunnet gjennom utdanning eller arbeid. Forsøksprosjektet kan sjåast i samanheng med tiltak for å hindra fråfall i vidaregåande skule. Fremskrittspartiet meiner difor det er naturleg at eit slik prosjekt vert vurdert gjennomført i samarbeid med Bergen kommune. Hyssingen produksjonsskule kan i denne samanheng også vere ein interessant samarbeidspart.

Kultur, idrett og regional utvikling

FrP legg inn mindre postar til eit rekkje tiltak under dette tenesteområde, og vil her spesielt peike på kr 500 000 i tilskot til Fyllingsdalen teater som er trua av nedlegging. Denne type private kulturinstitusjonar, som i stor grad er basert på frivilligheit får etter FrPs syn for lite merksemd og støtte frå offentleg sektor. Beskjeden økonomisk støtte til slike tiltak gjev stor aktivitet og samfunnsgevinst.

Finansiering - drift

Tiltaka over vert i hovudsak finansiert med udisponerte midlar i budsjettframlegget, generell effektivisering administrasjon, redusert avsetning til pensjonsfond knytt til premieavvik, reklame i kollektivsektoren og auka konsesjonskraftinntekter.

Investeringsbudsjett

FrP gjer berre mindre endringar i investeringsbudsjettet for Økonomiplanperioden 2017-20;

	2017	2018	2019	2020
Investering utstyr Fagskolen i Hordaland	10 000	10 000		
Investering utstyr vidaregåande skole	10 000	10 000	10000	10000
Trygg skuleveg - fylkeveier, mindre investeringer	15 000			
Økt eiendomssalg	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000
Sum (mindre låneopptak)	-	-15 000	-25 000	-25 000

Det vert sett av 15 mill kr i 2017 til satsing på Prosjekt «Trygg skuleveg» - mindre utbetringstiltak på fylkesvegnetter.

På skuleområdet trekk legg vi inn 10 mill kr i 2017- og 18 til investering i utstyr til Fagskulen i Hordaland . Tilsvarande får yrkesfag i vidaregåande skule auka posten til investering i utstyr med 10 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Skal fagutdanninga og yrkesfaga gje relevant utdanning for våre ungdommar er det avgjerande at dei kan halda seg oppdatert på nytt teknisk utstyr og maskiner i undervisninga. FrP meiner HFK framleis sit på eigedommar som kan seljast, og legg inn ein auke i forventa salsinntekt på 35 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Ein viser også her til verbalforslag under.

Verbalframlegg

FrP set fram fire verbalforslag som ein ynskjer separat votering over ved handsaming av budsjettet i fylkestinget.

A. Aktiv utvikling og sal av fylkeskommunale eigedommar

Hordaland fylkeskommune sit på ei rekkje eigedommar som ein ikkje har planar om å nytta i eigen tenesteproduksjon. Eksempel på dette er bustadeigedom v/Kysthospitalet i Hagavik (Os), Fana Gymnas, Hjeltnes vgs og Valen Kraftverk.

For å redusere lånegjelda og oppretthalde framdrifta for naudsynte investeringsprosjekt innan skule, tannhelse og samferdsel er det naturleg å sjå på aktivasida i balansen til Hordaland fylkeskommune. Eigedommar, og evt. selskap, som fylkeskommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon bør vurderast for sal. I einiskilde høve vil det være aktuelt å utvikla eigedommane for å maksimera verdiane før sal, t.d. gjennom omregulering til bustad- eller næringsformål.

Fylkestinget ber på denne bakgrunn om å få seg førelagt ei politisk sak med opplisting av eigedommar som er aktuelle for sal, og eventuelle tiltak for å utvikla eigedommane for sal.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggja fram ein samla oversikt over eigedommar/selskap som ikkje skal nyttast i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen. Saka må innehalda beskriving av eigedommane, verdivurdering og eventuelle utviklingstiltak for å maksimera verdien før sal.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja saka til handsaming i Hordaland fylkesting parallelt med nytt framlegg til investeringsprogram i mars 2017.

B. Endringar i ordninga med fondsavsetning v/vidaregåande skular

Fylkesrådmannen legg i budsjettdokumentet opp til ei vesentleg endring av ordninga med høve til fondsavsetning på vidaregåande skular som går med overskot. I den nye modellen er det ein føresetnad at opplæringssektoren som heilskap går med overskot før einiskild skular skal kunna få setja av overskot på fond. Fylkestinget er uroa over kva effektar dette kan få for budsjett disiplinen ved dei ulike skulane og den samla økonomiske konsekvensen for Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil difor be om at eventuelle endringar i ordninga med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert og lagt fram for endeleg handsaming i eiga politisk sak.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting tek ikkje stilling til endringar i ordninga med fondsavsetningar ved dei vidaregåande skulane som del av budsjettvedtaket. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja eiga sak der eventuelle endringar i modellen med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert.

Fylkesrådmannen ver beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2017.

C. Superbuss til Åsane

Hordaland fylkeskommune har overtid testa ut såkalla superbussar med stor kapasitet i Bergen syd. Fylkestinget ser dette som eit spanande konsept, og vil be om at fylkesrådmannen tek initiativ til å få etablert tilsvarande tilbod med superbussar i stamlinetraseen mot Åsane. Dette er eit godt alternativ for å auka kollektivkapasiteten i denne korridoren. Om naudsynt må fylkeskommunen etablere samarbeid med Statens Vegvesen om mindre utbetringstiltak på haldeplassar/terminalfasillitetar langs stamvegtraseen mot Åsane. Prosjektet kan finansierast innanfor ordninga med auka belønningssmidlar ti kollektivtrafikken i Bergen.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting vil etablere eit tilbod med superbussar i stamlinetraseen Bergen sentrum – Åsane.

D. Dyrepoliti i Hordaland

Forsøksordning med eige dyrepoliti er tidlegare etablert i Sør-Trøndelag og no sist i Sørvest Politidistrikt (Rogaland og deler av Sunnhordland). Fylkestinget ser dette som et særst positivt tiltak for å styrkja dyrevelferden, og vil aktivt arbeida for at også Vest Politidistrikt får etablert ei tilsvarande teneste med dyrepoliti.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune skal arbeida aktivt for at det vert etablert eige dyrepoliti i Vest Politidistrikt etter modell av forsøksordninga i Sør-Trøndelag og Sørvest Politidistrikt.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Endrings- og tilleggsframlegg til fylkesutvalet si innstilling:

TALDEL BUDSJETT:

1. Ingen takstauke innan kollektivtrafikken (frys-forslag 2017) kombinert med storoffensiv for meir kollektivbruk.

Finansiering:

- Auka billettinntekter som fylgje av enno fleire reisande.
- Overføring 2,5 mill frå folkefest sykkel-VM
- Mva-refusjon frå staten øyremerka til kollektivsatsing (jfr. verbalforslag 2).

2. Ny og forenkla sonestruktur, bruk av app og forenkla billetteringssystem i heile fylket i 2017 (herunder bruk av bank-kort på buss): 5 mill.

Finansiering: Auka konsesjonskraftinntekter: 5 mill.

3. Styrking av utdanningskapitlet til fleire lærarar og tiltak mot fråfall i skulen: 10 mill.

Finansiering:

- Auka statlege overføringar pr. elev ved mindre fråfall.
- Effektivisering administrasjon / drift : 5 mill.
- Bruk av disposisjonsfondet (ubundne avsetjingar). 5mill.

VERBALFORSLAG:

1. Styrk skuletilbodet – mindre fråfall

Fråfall er den største utfordringa i den vidaregåande skulen i Hordaland. For å motverke dette må fylkeskommunen m.a. redusere klassestørrelsen og auke lærartettleiken. Dei siste åra har klassestørrelsen auka på mange skular gjennom sparetiltak og stykkprisfinansiering. Stykkprisfinansiering har medverka til samanslåingar av fellesfag på yrkesfag og altfor store klassar på ålmenfag / studiespesialisierende fag. Stykkprisfinansiering må bli avvikla. Fleire lærarar i klasseromma gjer at den einskilde elev blir meir synleg og hindrar einsemd, som er ein hovedgrunn til fråfall.

2. Styrk kollektivtrafikken – full mva-refusjon frå staten.

Hordaland fylkesting vil ta initiativ ovafor regjering og storting for å få innført mva-refusjon innan kollektivtrafikken i Hordaland og andre fylke. Dette må gjennomførast i samband med revidert nasjonalbudsjett i Stortinget våren 2017. Styrking av kollektivtrafikken krev ekstra ressursar. Meirinntektene til staten i form av mva må tilbakeførast til kommunane øyremerka til styrka kollektivsatsing, og dermed auka kollektivbruk og inntekter.»

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Verbalpunkt, nytt punkt E:

Hordaland fylkeskommune har en unik mulighet til å gå foran og vise at vi tar lærlinger på alvor. Fylkestinget ber om at nye byggeprosjekt i regi av Hordaland fylkeskommune, blir gjennomført som vardeprosjekt der det er mulig.»

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Kollbotn sitt forslag utan verbalforslaga fekk 1 røyst (R) og fall.

Søviknes sitt forslag utan verbalforslaga fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Strømme sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG, V, R) og vart vedteke.

Røysting verbalforslag:

Kollbotn sitt forslag 1 fekk 1 røyst (R) og fall.

Kollbotn sitt forslag 2 fekk 1 røyst (R) og fall.

Søviknes sitt forslag A fekk 20 røyster (Frp, H, R) og fall.

Søviknes sitt forslag B fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Søviknes sitt forslag C fekk 8 røyster (Frp, R) og fall.

Søviknes sitt forslag D fekk 11 røyster (Frp, MDG, 1H) og fall.

Hjemdal sitt forslag E fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Vedtak

«Årsbudsjett 2017

Partia Ap, KrF, Sp, Sv, MDG og V legg med dette fram sine endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2017. Budsjettet er endra med kr. 49 670 000 i auka driftsmidlar og med kr. 28 500 000 i auka investeringar. Til saman 78 170 000

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomiske situasjon. Utfordringane krev nye løysingar og ansvarlig styring. Budsjettet for 2017 og økonomiplanen 2017-2020 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og bærekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv. Omstillingsarbeidet må halda fram og det skal leggjast til rette for god dialog mellom leiing, tillitsvalte, tilsette og folkevalde.

Dei menneskeskapte klimaendringane er vår tids største globale utfordring. Gjennom Paris-avtalen har Noreg teke på seg omfattande forpliktelsar. Hordaland må ta sin del av vårt felles ansvar for å nå målsettinga om 40 pst. reduksjon av farlege klimagassar. Dette gjer at den fylkeskommunale klimaplanen er eit særskilt viktig styringsdokument for fylkeskommunal planlegging og verksemd. Klimaplanen skal difor leggjast til grunn for all fylkeskommunal planlegging og verksemd. I tillegg til reduksjon i utslipp frå industrien skal det gjennomførast store reduksjonar i transportsektoren gjennom auka satsing på kollektivtrafikk og krav til null- og lågutsleppsløysingar. Fylkeskommunen skal kutta utslipp i eiga verksemd og stilla strenge miljøkrav i innkjøps- og utbyggingsavtalar.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (R).

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1,3,4 og 5, vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningsloven § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag

for å vurdere status for berekraftig utvikling.

4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningsliner for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Fylgjande prinsipp skal leggjast til grunn:

- Fylkestinget skal vedta to plantypar:
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
- Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
- Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
- Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
- Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
- Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
- Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
- Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningsliner fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha fylgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revi- sjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 06.12.2016

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningsloven § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdera status for berekraftig utvikling.
4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningsliner for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:
 - Fylkestinget skal vedta to plantypar:
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
 - Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
 - Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
 - Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
 - Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
 - Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningsliner fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha følgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revisjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for	X		Kultur, idrett og regional

areal, natur- og kulturminneressursar			utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdera status for berekraftig utvikling.
4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningsliner for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:
 - Fylkestinget skal vedta to plantypar:
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
 - Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
 - Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
 - Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
 - Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
 - Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningsliner fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha fylgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revisjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Regional planstrategi 2016-2020 vert revidert og behandla på nytt, seinast i fylkestinget i oktober 2017.»

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken. Bjørkly sitt forslag vekk 12 røyster (H) og fall.

Vedtak

- Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
- Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
- Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdera status for berekraftig utvikling.
- Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningsliner for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Fylgjande prinsipp skal leggjast til grunn:

- Fylkestinget skal vedta to plantypar:
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
- Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
- Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
- Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
- Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
- Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
- Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
- Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningslinjer fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha fylgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revisjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

PS 117/16 Søknad om fritak frå verv og nyval

Forslag til innstilling

1. Kirsten Syljeset får fritak frå verva som medlem i fylkestinget for perioden 18.07.16-15.07.17, varamedlem i fylkestinget frå 16.07.17, medlem i utval for miljø og samferdsel og medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne resten av valperioden.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:
 - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk (for Dan Stian Femoen i perioden 18.07.16-15.07.17):
 - b) Medlem i utval for miljø og samferdsel:
 - c) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Saksprotokoll i valnemnda - 13.12.2016

Mona Røsvik Strømme (H) sette fram slikt forslag:

- a) «Medlem i fylkestinget etter opprykk: Christer Lilleskare Olsen
- b) Medlem i utval for miljø og samferdsel: Iril Schau Johansen
- c) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: May Eva Sandvik
- d) Nytt varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Mona Røsvik Strømme.»

Røysting

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Kirsten Syljeseth får fritak frå verva som medlem i fylkestinget for perioden 18.07.16-15.07.17, varamedlem i fylkestinget frå 16.07.17, medlem i utval for miljø og samferdsel og medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne resten av valperioden.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:
 - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk (for Dan Stian Femoen i perioden 18.07.16-15.07.17): Christer Lilleskare Olsen
 - b) Medlem i utval for miljø og samferdsel: Iril Schau Johansen
 - c) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: May Eva Sandvik
 - d) Nytt vara til utvalg for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Mona Røsvik Strømme

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Kirsten Syljeset får fritak frå verva som medlem i fylkestinget for perioden 18.07.16-15.07.17, varamedlem i fylkestinget frå 16.07.17, medlem i utval for miljø og samferdsel og medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne resten av valperioden.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:
 - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk (for Dan Stian Femoen i perioden 18.07.16-15.07.17): Christer Lilleskare Olsen
 - b) Medlem i utval for miljø og samferdsel: Iril Schau Johansen
 - c) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: May Eva Sandvik
 - d) Nytt varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Mona Røsvik Strømme

PS 118/16 Søknad om permisjon frå fylkeskommunale verv

Forslag til innstilling

1. Ragnhild Hoff Eilertsen får permisjon frå vervet som varamedlem i fylkestinget og som varamedlem i utval for opplæring og helse i tida januar 2017 – juli 2017.
2. For den tida Eilertsen har permisjon vert det gjort slikt val:
 - a. Varamedlem i utval for opplæring og helse:.....

Saksprotokoll i valnemnda - 13.12.2016

Roald Kvamme (A) gjorde framlegg om Torbjørn Reigstad som varamedlem.

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Ragnhild Hoff Eilertsen får permisjon frå vervet som varamedlem i fylkestinget og som varamedlem i utval for opplæring og helse i tida januar 2017 – juli 2017.
2. For den tida Eilertsen har permisjon vert det gjort slikt val:
 - a) Varamedlem i utval for opplæring og helse: Torbjørn Reigstad.

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Ragnhild Hoff Eilertsen får permisjon frå vervet som varamedlem i fylkestinget og som varamedlem i utval for opplæring og helse i tida januar 2017 – juli 2017.
2. For den tida Eilertsen har permisjon vert det gjort slikt val:
 - a. Varamedlem i utval for opplæring og helse: Torbjørn Reigstad (A)

PS 119/16 Regional plan for Hardangervidda - val av nytt medlem og varamedlem av Hardangerviddarådet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland oppnemnar med dette eit nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem

Saksprotokoll i valnemnda - 13.12.2016

Terje Søviknes (Frp) gjorde framlegg om Gustav Bahun (Frp) som medlem og Einar Lutro (H) som varamedlem.

Pål Kårbø (KrF) gjorde på vegner av KrF, Sp og A framlegg om Toralv Mikkelsen som nytt varamedlem for medlem Linda Haugland Jondahl.

Røysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget i Hordaland oppnemner med dette eit nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet. Hordaland fylkeskommune oppnemner

- a) Gustav Bahun (Frp) som medlem
- b) Einar Lutro (H) som varamedlem

Nytt varamedlem for medlem Linda Haugland Jondahl: Toralv Mikkelsen (A)

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget i Hordaland oppnemner med dette eit nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet. Hordaland fylkeskommune oppnemner

- a) Gustav Bahun (Frp) som medlem
- b) Einar Lutro (H) som varamedlem

Nytt varamedlem for medlem Linda Haugland Jondahl: Toralv Mikkelsen (A).

PS 120/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget – 13. og 14.12.2016

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 13. desember: PS 91/16, 94-95/16
- 14. desember: PS 121/16, 93/16, 96-97/16, 92/16, 98-119/16.

OPNING AV FYLKESTINGET – 13.12.2016

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Mona Røsvik Strømme (H) og Daniel Charles Hextall (SV) valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved elevar frå **Langhaugen videregående skole**.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

Etter talane var det ordskifte. 7 representantar hadde ordet.

MEDALJEVINNARAR I YRKES-NM – 14.12.2016

Hordaland fylkeskommune var i år vert for landets største arrangement for yrkesopplæringa. Meisterskapen vert arrangert annakvart år av WorldSkills Norway i samarbeid med ein fylkeskommune. Yrkes-NM 2016 for ungdom vart arrangert i Bergen 17.-20. oktober.

Ti medaljevinnarar frå Hordaland vart heidra. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun overrekte utmerkinga.

Plassering	Fag	Namn	Arbeidsgjevar	Opplæringskontor
1	Barne- og ungdomsarbeidarfaget, NM	Silje Marie Olaussen (lag)	Bergen kommune	Bergen kommune
1	Barne- og ungdomsarbeidarfaget, NM	Madelen Nilsen (lag)	Bergen kommune	Bergen kommune
1	Betongfaget, NM	Sebastian Schuurmann Hess	Stoltz Entreprenør AS	Byggopp
2	Bilskadefaget, NM	Joakim Birkeland	Jæger Sentrum AS	Bilbransjens opplæringskontor
2	Elektrikarfaget, NM	Harald Rytter	Torsvik Elektro AS	OKEL
3 (delt)	Helsearbeidarfaget, NM	Julie Osa Horgen	Hordaland	Bergen kommune
1	Murarfaget, NM	Vidar Oma Færøy	Brødrene Ulveseth AS	Murerfagets opplæringskontor
nn	Rørleggjarfaget, svenneprøveavlegging for 5 personar	Sander H. Waage	Chr. M. Vestheim	Oppl.ktr. rørleggjarfaget
1 (delt)	Sveisefaget, NM	Alf Sundal	Kværner Stord	Ytre Sunnhordland oppl.ktr.
3	Ventilasjons- og blikkenslagarfaget, NM	Joakim Nygard	KM-Ventilasjon AS	Blikkenslagmestrene

IDRETTSPRISAR – 14.12.2016

Hordaland fylkeskommune si utmerking for **særlege idrettsprestasjonar** 2016 vart tildelt:

Kristoffer Brun	Bronsemedalje i roing - dobbelt sculler lettvekt	OL i Rio 2016
Stine Skogrand	Gullmedalje Håndball	VM København, Danmark 2015
Stian Schettlein	Gullmedalje i vannjet - parallell slalom SKI GP 1 og Sølvmedalje Ski GP1 Vannjet	VM i Shanghai, Kina 2016 VM Denia, Spania 2016
Sverre Lunde Pedersen	Sølvmedalje i skøyter - lagtempo Bronsemedalje i skøyter - 5000 meter og Sølvmedalje i skøyter - All-round	VM Kolomna, Russland 2016 VM Berlin, Tyskland 2016
Monika Engeset	Sølvmedalje i kickboksing - Point fight	VM i Dublin, Irland 2015
Daniel Svae Andersen	Sølvmedalje i vannjet - Ski GP2	VM i Denia, Spania 2016
Milton Barrios Galarreta	Bronsemedalje i kickboksing – Fullkontakt	VM i Dublin, Irland 2015
Bjarte Vik Larsen	Bronsemedalje i styrkeløft - benkpress	VM i Killen, Texas, USA 2016
Ulrik Berntsen	Sølvmedalje i vannjet - Ski GP3	VM i Denia, Spania 2016
Andreas Bakkerud	Bronsemedalje i rallycross	VM samanlagt

Cecilia Brækhus Verdsmeistar i proffboksing i klassen weltervekt Oslo 2016

Trond Nymark Gullmedalje kappgang – 50 km VM i Berlin 2009

Hordaland fylkeskommune si markering av særlege idrettsprestasjonar er ei utmerking som heng svært høgt. Det er idrettsprestasjonen som kvalifiserer utøvarane til en slik utmerking. Kravet er medaljeplassering i verdsmeisterskap eller olympiske leikar. Verdsrekordar og siger i verdscupen samanlagt kvalifiserer også til fylkeskommunen si utmerking. Utøvarane må representere ein klubb frå Hordaland.

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun overrekte utmerkinga.

Hordaland fylkeskommune sine **utviklingsstipend i idrett** for 2016 vart tildelt:

Didrik Wie-Soltvedt, f. 1996	Roing	Bergen Roklubb
Sindre Henriksen, f. 1992	Skøyter	Fana IL
Sindre Ure Søtvik, f.1992	Kombinert	Eldar IL
Markus Lie, f. 1995	Symjing	Bergensvømmerne
Mariell Gaasand Straume, f. 1997	Kickboksing	Fana Kickboksingklubb

Kvart stipend er på kr 25 000. Utdelinga vart gjort av leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa. Mariell Gaasand Straume takka på vegner av utøvarane.

Fylkeskommunen sine utviklingsstipend innan idrett kan tildelast einskildutøvarar, trenarar og dommarar. Ein person kan berre få slikt stipend ein gong. Målet med stipenda er å gje mottakarane stimulans og høve til vidareutvikling i si idrettsgrein. Ved tildelinga av stipend vert det lagt vekt på: idrettsprestasjonar, potensial og planar for vidare satsing innan idretten.

YMSE

Passasjertal

I fylkesutvalet 08.12.2016 bad **Silja Ekeland Bjørkly (H)** om slik informasjon:

- «Ber om at nye passasjertall for Bybanen fremlegges til fylkestinget 13.-14. desember i forbindelse med behandling av kollektivmeldingen.
- Passasjertall fremlegges for utvalg for miljø og samferdsel og fylkesutvalget kvartalsvis heretter.»

Fylkesrådmannen svarte slik:

«Ved utgangen av tredje kvartal 2016 har ein totalt om lag 42,5 millionar påstigande passasjerar i Hordaland, 37 millionar av desse er påstigande i Bergensområdet. Om lag 7,8 millionar av desse er reisande med Bybanen. Totalt for 2016 reknar ein med vel 56 millionar påstigande passasjerar i Hordaland, der 10,6 millionar av desse har reist med Bybanen. Dette gir ein vekst i passasjertal for 2016 på 3,6 prosent samanlikna med fjoråret. Skyss har i dag ikkje modellar som gjer det mogleg å hente ut reisetar for einskild dagar på Bybanen. Automatisk passasjerteljing i to bybanevogner indikerer eit tal på reisande på kvardagar i størrelsesorden 40-50 000.

Berekninga av passasjertal er basert på ein modell etablert i 2014, der billettsal og validering av billetter er dei sentrale elementa. Billettsalet er den sikraste kjelda, men denne gir ikkje informasjon om fordeling mellom transportmiddel. Til å rekne ut dette har ein tradisjonelt nytta data frå validering. I dag kjøper snart 60 prosent av dei reisande i sone Bergen billett på mobil, slike billetter vert ikkje validerte, og det vert heller ikkje lengre stilt krav til validering av periodebilletter anna enn for aktivering. Ved hjelp av data frå utstyr for automatisk passasjerteljing vil ein i 2017 arbeide med ein ny modell for berekning av tal på reisande og fordeling av reisande mellom dei ulike transportmidlane. Slikt utstyr vert montert i dei einskilde bussar og bybanevogner, og gjer det mogleg å registrere alle på- og avstigande passasjerar på det aktuelle transportmiddelet.

Utfordringa med gode tal for påstigande er ei felles problemstilling i heile kollektivbransjen både nasjonalt og internasjonalt, og forslaga til endringar i modell for Hordaland byggjer på erfaring

også frå andre stader og er i tråd med det som vert gjort av andre aktørar, som til dømes Ruter i Oslo/Akershus. Innføring av ein ny modell kan medføre at reisetal etter ny modell ikkje vert direkte samanliknbare med dagens reisetal, ulempa med dette er likevel vurdert som langt mindre enn føremonen ved å få betre og meir detaljerte tal for reisande.

Fylkesrådmannen vil i 2017 leggje fram informasjon om arbeidet med ny modell for berekning av talet på reisande.

Passasjertal vil i 2017 bli framlagt for utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet kvartalsvis.»

PS 121/16 Regionreforma - etablering av Vestlandsregionen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet.

Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing, under føresetnad at fylkestinga i Rogaland og Sogn og Fjordane går inn for tilsvarande samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen.

2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Dersom alle tre fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedt om å legge fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingarbeidet for samanslåing, med m.a oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.
5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, får den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløyser:

 - a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
 - b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland

6. Fylkestinget vil sterkt understreke Hordaland fylke som udeleleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løysing saman med andre fylker.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Fylkestinget ber om at det vert folkerøysting om ein ny Vestlandsregion når ein veit kva saker ein skal forvalte.

3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet.

Hordaland fylkeskommune meiner regionreforma har starta i feil ende. Det er særst vanskeleg å ta stilling til endra geografisk inndeling, før ein veit kva oppgåver dei nye regionane skal løysa.

Hordaland fylkeskommune meiner at før ein tar stilling til endringar i fylkesstrukturen må det vera klarlagt kva oppgåver dei nye regionane skal ha.

Fylkestinget i Hordaland føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Hordaland føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Hordaland skal halda fram som eige valdistrikt, slik at ein sikrar at distrikta vert representert i regionleiing og på Stortinget.
4. Dersom alle tre fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedt om å legge fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingarbeidet for samanslåing, med m.a. oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.
5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, får den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløyisingar:
 - a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løyising.
 - b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland
6. Fylkestinget vil sterkt understreke Hordaland fylke som udeleleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løyising saman med andre fylker.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Punkt 5 utgår.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Bondhus sitt forslag fekk 1 røyst (Sp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FrP). Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 a) fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, MDG, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (H, FrP) og fall.

Resten av fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet.

Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing, under føresetnad at fylkestinga i Rogaland og Sogn og Fjordane går inn for tilsvarande samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen.

2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Dersom alle tre fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedt om å legge fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingarbeidet for samanslåing, med m.a oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.
5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, får den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløyisingar:
 - a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
 - b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland
6. Fylkestinget vil sterkt understreke Hordaland fylke som udeleleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løysing saman med andre fylker.

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Nils T. Bjørke (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet.

Hordaland fylkeskommune meiner regionreforma har starta i feil ende. Det er særskilt vanskeleg å ta stilling til endra geografisk inndeling, før ein veit kva oppgåver dei nye regionane skal løysa.

Hordaland fylkeskommune meiner at før ein tar stilling til endringar i fylkesstrukturen må det vera klarlagt kva oppgåver dei nye regionane skal ha.

Fylkestinget i Hordaland føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Hordaland føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere

overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

3. Hordaland skal halda fram som eige valdistrikt, slik at ein sikrar at distrikta vert representert i regionleiing og på Stortinget.
4. Dersom alle tre fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedt om å legge fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingssarbeidet for samanslåing, med m.a. oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.
5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, får den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløyser:

 - a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
 - b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland

6. Fylkestinget vil sterkt understreke Hordaland fylke som udeleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løysing saman med andre fylker.»

Einar Horvei (SV) sette fram slikt forslag (a):

«Alternativt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Fylkestinget ber om at det vert folkerøysting om ein ny Vestlandsregion når ein veit kva saker ein skal forvalte.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

Terje Kolbotn (R) sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkesting tar ikkje stilling til etablering av ein ny Vestlandsregion før regjeringa og stortinget har avklara nærare innhald og meiroppgåver våren 2017.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet. Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.

Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing, under føresetnad at fylkestinga i Rogaland og Sogn og Fjordane går inn for tilsvarande samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen.
2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein

regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Fylkestinget i Hordaland ønskjer primært ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland har sagt nei til ei slik løysing. På denne bakgrunn gjev fylkestinget i Hordaland det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma fullmakt til å starta opp ny dialog og gjennomføra nye forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna for å invitera Haugalandet og Møre og Romsdal inn i forhandlingane.
5. Dersom fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedne om å leggje fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingsarbeidet for samanslåing, med m.a. oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.»

Det var gruppeleiar møte og møte i partigruppene.

Roald Kvamme og Nils T. Bjørke trekte forslaga sine.

Pål Kårbø (KrF) la på vegner av KrF, A, SP, V, MDG og Frp fram slikt justert forslag:

1. «Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet. Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver. Fylkestinget søkjer med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing.
2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Fylkestinget i Hordaland ønskjer primært ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland har sagt nei til ei slik løysing. På denne bakgrunn gjev fylkestinget i Hordaland det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma fullmakt til å starta opp ny dialog og gjennomføra nye forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget i Hordaland er positiv til at ein skilde kommunar i Nord-Rogaland som ønskjer å bli ein del av den nye Vestlandsregionen søkjer om det.»

Terje Kolbotn trekte sitt forslag punkt 2.

Einar Horvei (SV) trekte sitt forslag (a), og la på vegner av SV og R fram justert forslag (b):

«Alternativ til heile innstillinga:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

Røysting (Kollbotn sitt forslag punkt 1 om utsetjing)

Forslaget fekk 1 røyst (R) og fall.

Røysting (saka)

Horvei sitt forslag fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Innstillinga punkt 5 a) fekk ingen røyster og fall.

Innstillinga punkt 1-4, 5 b) og 6 fekk 12 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 41 røyster (KrF, A, Sp, KrF, MDG, V, Frp) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet. Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver. Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing.
2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Fylkestinget i Hordaland ønskjer primært ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland har sagt nei til ei slik løysing. På denne bakgrunn gjev fylkestinget i Hordaland det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma fullmakt til å starta opp ny dialog og gjennomføra nye forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget i Hordaland er positiv til at einskilde kommunar i Nord- Rogaland som ønskjer å bli ein del av den nye Vestlandsregionen søker om det.